

Vestlandsforskning rapport nr. 3/2018

Sogn og Fjordane-modellen styrkar samarbeid i små einingar

*Ein dokumentasjonsrapport om IT-forum Sogn og Fjordane som
nettverk, møteplass og drivkraft for "superheltar"*

Øyvind Heimset Larsen
Hilde G. Corneliusen

Vestlandsforskning Rapport

Tittel Sogn og Fjordane-modellen styrkar samarbeid i små eininger. Ein dokumentasjonsrapport om IT-forum Sogn og Fjordane som nettverk, møteplass og drivkraft for "superheltar"	Rapportnummer 3/2018 Dato 16.11.2018 Gradering Open
Prosjekttittel Dokumentasjonsprosjekt for IT-forum	Tal sider 27 Prosjektnr 6460
Redaktørar Øyvind Heimset Larsen, Hilde G. Corneliusen	Prosjektansvarleg Hilde G. Corneliusen
Forskar(ar) Hilde G. Corneliusen, Øyvind Heimset Larsen, Marit Haugan Hove	Emneord Offentleg og privat samarbeid, nettverksteoriar, regional utvikling, Sogn og Fjordane-modellen
Oppdragsgivare IT-forum Sogn og Fjordane	

Samandrag

IT-forum Sogn og Fjordane er eit meir enn 20 år gammalt regionalt samarbeid som famnar næringsliv, offentlege aktørar og FoU-miljø. Denne rapporten summerer opp eit dokumentasjonsprosjekt med mål å samle dokumentasjon som finns om nettverket og samstundes gjennomføre ei djupnestudie for å lære meir om kva som egentlig er drivkrafa i IT-forum.

Informantane i djupnestudien delar ulike forteljingar om kva nettverket representerer, frå å vere eit styringsorgan med nøkkelpersonar, eit samarbeidsnettverk som løftar fylket i lag, og til ein møteplass for IT-folk. Dei fortel at internasjonale og nasjonale impulsar og aktivitetar la grunnlaget. Samarbeid i nettverket vert lokalt framheva som døme på Sogn og Fjordane-modellen: å løfte i lag for å løyse regionale utfordringar – ein prosess som skapar superheltar. Eit utval sentrale aktørar er intervjua for å avdekke suksessformelen. Sekundærkjelder for data, tidlegare publisert forsking om, og årsmøtedokument frå nettverket er nytta for å forklare ramma, samt utfylle og forklare funn i intervjurunden.

Denne sluttrapporten frå prosjektet oppsummerer og viser til forsking omkring IT-forum, og kan sjåast som eit "oppslagsverk" om IT-forum.

Andre publikasjonar frå prosjektet

- Kronikk: «"[Saman er ein mindre aleine](#)" - samarbeid gir breiband i Sogn og Fjordane»
- Foredrag: IT-forum julesamling 7.-8.desember 2017
- Publikasjon: «På jakt etter suksessformelen for samarbeidsnettverket IT-forum Sogn og Fjordane» - kapittel i Fjordantologien 2018. [Open Access](#): Heidi Hogset, Dag Magne Berge og Karl Yngvar Dale (red.): [Det regionale i det internasjonale. Fjordantologien 2018](#),

ISBN: 978-82-428-0393-1

Pris: Gratis

Innhold

1. INTRODUKSJON	4
1.1. SOGN OG FJORDANE-MODELLEN.....	4
2. SAMANDRAG	5
3. BAKGRUNN OG MANDAT	6
3.1. BEHOV: DOKUMENTASJON AV IT-FORUM SOM OVERBYGGANE SAMARBEIDSSTRUKTUR.....	6
4. TIDLEGARE FORSKING OMKRING OG DOKUMENTASJON AV IT-FORUM	8
4.1. PUBLIKASJONAR, HISTORISK TILBAKEBLIKK OG ATTESTAR FRÅ AVTROPPANDE LEIARAR	8
4.1.1. « <i>Tango for tre</i> »	8
4.1.2. <i>Forsking på satsingar og nettverk</i>	9
4.2. ÅRSMELDING MED HISTORISK TILBAKEBLIKK 2014.....	16
4.3. IT-FORUMKONFERANSEN	18
4.4. STUDIETURAR UT I VERDA.....	19
4.5. NYARE POPULÆRVITENSKAPELEG DOKUMENTASJON.....	20
5. BOKKAPITLET «PÅ JAKT ETTER SUKSESSFORMELEN FOR SAMARBEIDSNETTVERKET IT-FORUM SOGN OG FJORDANE»	22
5.1. METODE.....	22
5.1.1. <i>Intervju med enkeltpersonar involvert i IT-forum</i>	22
5.1.2. <i>Diskursteori og grounded theory som analytisk og metodisk tilnærming</i>	22
5.1.3. <i>Sekundærkjelder</i>	23
5.1.4. <i>Avstand mellom forskar og enkeltpersonar</i>	23
5.1.5. <i>Gjennomføring</i>	23
5.2. TEORI, CASE OG DRØFTING	23
5.3. FJORDANTOLOGIEN 2018	23
5.4. KONKLUSJON	24
5.4.1. <i>Eit nettverk etter Sogn og Fjordane-modellen sin logikk</i>	24
5.4.2. <i>Oppskrifta på eit vellykka IT-forum</i>	25
REFERANSELISTE	26

1. Introduksjon

IT-forum Sogn og Fjordane er eit meir enn 20 år gammalt regionalt samarbeid som famnar næringsliv, offentlege aktørar og FoU-miljø. Denne rapporten summerer opp eit dokumentasjonsprosjekt med mål å samle dokumentasjon som finns om nettverket og samstundes gjennomføre ei djupnestudie for å lære meir om kva som egentlig er drivkrafta i IT-forum. I djupnestudien vert eit utval sentrale aktørar intervjuet for å avdekke kva som er suksessformelen bak IT-forum. Informantane i djupnestudien delar ulike forteljingar om kva nettverket representerer, frå å vere eit styringsorgan med nøkkelpersonar, eit samarbeidsnettverk som løftar fylket i lag, og til ein møteplass for IT-folk. Dei fortel at internasjonale og nasjonale impulsar og aktivitetar la grunnlaget. Studien nyttar sekundærkjelder for data, tidlegare publisert forsking om, og årsmøtedokument frå nettverket for å forklare ramma, samt utfylle og forklare funn i intervjurunden.

1.1. Sogn og Fjordane-modellen

Eit sentralt trekk ved IT-forum S&Fj er det spesielle samarbeidet som av fleire har fått tilnamnet "Sogn og Fjordane-modellen". Det spesielle med samarbeidet er at det famnar mange og ulike aktørar frå ulike sektorar, og mange av desse er små, slik at dei vanskelegare kan oppnå dei same resultata utan støtte i nettverket. Det er dette som gjer det umogelege mogleg, og som skapar "superheltar", slik vi skriv i kapitlet "På jakt etter suksessformelen for samarbeidsnettverket IT-forum Sogn og Fjordane" (Corneliussen & Larsen, 2018, s.112):

Samarbeidet styrkar einingane slik at «det umogelege» eller ting vi «ikkje hadde trudd vi skulle få til», vert gjort moglege. Mønsteret i samarbeidet vert også utanfor IT-forum referert til som «Sogn og Fjordane-modellen»: «det at alle dei relevante aktørane samlar seg, definerer felles mål og problemstillingar og trekker i lag for å løyse problemstillingane». Det er denne modellen som skil det regionale samarbeidet i Sogn og Fjordane frå liknande i andre deler av landet: «Det er fleire som snakkar om Sogn og Fjordane-modellen – det er vel andre som får til det også, men det har vært viktig. Slik som til dømes med breiband og velferdsteknologi, at det er ingen andre som har fått fylkesdekkande [aktivitet]». Det kraftfulle i dette samarbeidet skapar til og med superheltar: «Iblant går eg rundt i gatene som ein heilt vanleg borgar. Men så tek eg på meg IT-forum-hatten, og då føler eg meg som ein superhelt, for då får vi til så utruleg mykje», seier ein av dei involverte.

Denne sluttrapporten frå prosjektet oppsummerer og viser til forsking omkring IT-forum, og kan sjåast som eit "oppslagsverk" om IT-forum, medan djupnestudien er publisert i eit eige kapittel i Fjordantologien 2018, opent tilgjengelig på nett her: <https://www.idunn.no/det-regionale-i-det-internasjonale/6-pa-jakt-etter-suksessformelen-for-samarbeidsnettverket-it-forum-sogn-og-fjordane>.

2. Samandrag

Styret løyvde i april 2017 midlar til dokumentasjon og publisering av kva IT-forum er og får til.

Prosjektet går ut på å intervju utvalde aktørar som har vore involverte i IT-forum gjennom historia. Leveransen skal vere ei vitskapeleg publisering og ei populærvitskapleg framstilling.

Arbeidet er no gjennomført og resultatet er fem leveransar:

1. Kronikken «"Saman er ein mindre aleine" - samarbeid gir breiband i Sogn og Fjordane» stod på trykk i Sogn Avis og Firda laurdag 30.09.2017.
<https://www.vestforsk.no/nn/publication/saman-er-ein-mindre-aleine-samarbeid-gir-breiband-i-sogn-og-fjordane>. Under Forskningsdagane 2017, som hadde temaet «Verdiar», trykte Sogn Avis og Firda ein serie kronikkar skrivne av forskrarar ved Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning. Dette var ein av dei utvalde.
2. Forskar Hilde G. Corneliusen heldt innlegg på IT-forum julemøte 7.-8. desember 2017.
3. Det vitskaplege bidraget "På jakt etter suksessformelen for samarbeidsnettverket IT-forum Sogn og Fjordane" vart presentert skrifleg og munnleg på Fjordkonferansen 2017 i juni.
4. Det vart så jobba vidare med bidraget frå Fjordkonferansen før manuskriptet vart fagfellevurdert og vart eit kapittel i boka til Heidi Hogset, Dag Magne Berge og Karl Yngvar Dale (red.): Det regionale i det internasjonale. Fjordantologien 2018, Universitetsforlaget.
<https://www.idunn.no/det-regionale-i-det-internasjonale>
5. Denne sluttrapporten oppsummerer og viser til forsking omkring IT-forum, og kan sjåast som eit "oppslagsverk" om IT-forum.

3. Bakgrunn og mandat

3.1. Behov: Dokumentasjon av IT-forum som overbyggane samarbeidsstruktur

Forskarane Hilde G. Corneliusen og Øyvind Heimset Larsen søkte styret i IT-forum 5.april 2017 om midlar til å dokumentere IT-forum sin evne til å vere over-byggande struktur for samarbeidsaktivitet på tvers av sektorar i fylket. I søknaden vert bakgrunn og behov skildra :

«Som styret så godt veit er IT-forum ein viktig samarbeidsstruktur for mange ulike prosjekt i Sogn og Fjordane, der einskildaktørar ikkje ville vere store nok til å lukkast. Dette har vist seg på infrastruktur- breiband, ehelse og velferdsteknologi, og med næringsretta IT-utdanning som det siste aktuelle dømet.

Vestlandsforskning har allereie starta arbeidet med å dokumentere og formidle dette, blant anna gjennom:

- Forskningsartikel og paper presentert på eHealth, IADIS 2016
- "Good practice"-dokument til IMPROVE - Involving the community to co-produce public services (2016)
- VRI 2 Forskningsprosjekt- delnotat «Funksjonell analyse av IT-forum Sogn og Fjordane»

Vi opplever aukande interesse frå omverda for å forstå IT-forum som samarbeidsstruktur. Dette, saman med dokumentasjonsbehovet vi ser som nødvendig grunnlag for å etablere nye initiativ, gjer at vi ser eit behov for å gjere kunnskap og kjennskap om IT-forum si virkemåte betre kjent. Prosjektet er også viktig for å kunne utløyse nye prosjektsatsingar med nasjonal medfinansiering i forlenging av noverande satsingar.

Delfinansiering frå IT-forum

Dei prosjekta som er nemnde over er gjennomført med eksterne midlar og med Vestlandsforskning sine eigne midlar. Vi ønskjer å bygge på materialet vi allereie har, men ser også behov for å utvida og spissa arbeidet denne gongen, ved å gjennomføre nokre intervju med relevante personar. Til dette arbeidet vil Vestlandsforskning delfinansiere halvparten med internmidlar, og vi søker delfinansiering frå IT-forum til dette første eigeninitierte dokumentasjonsprosjektet. Vi har allereie fått fagleg godkjend vedlagt abstrakt til Fjordkonferansen, som gir ein oversikt over prosjektet (sjå vedlegg, www.fjordkonferansen.no).

Som lista over vedlegg viser har det vore gjort fleire fragmenterte arbeid på å dokumenter nettverket. I tillegg til at prosjektet vi skisser her vil utfylle desse, vil det viktigaste bidraget vere å få dokumentert, gjennom ein vitskapeleg artikkel, dei mekanismane som gjer at IT-forum lykkast som eit overordna nettverk for samarbeid.

Forskarane Corneliusen og Larsen, som begge har lang erfaring med arbeidet i nettverket, står for gjennomføringa.

Med vennleg helsing,

Hilde G. Corneliusen og Øyvind Heimset Larsen, Vestlandsforskning»

Vedtak i styret i IT-forum 5.april 2017

«Styret støttar at dokumentasjon av kva IT-forum er og får til er eit viktig og nødvendig arbeid.

Dette er ikkje ei evaluering, men eit lite aksjonsforskningsprosjekt der det er føresett at ein er tett på. Det er uansett viktig å sikre at resultatet blir nøytralt nok og ikkje einsidig positivt. Difor er intervjua viktige. Vi må presentere forståeleg kva IT-forum faktisk er. Vi må difor også lage eit tabloidformat av rapporten som folk forstår.

Styret gjev si tilslutning, men presiserer at det også må bli levert ein kronikk (ei populærviskapleg framstilling)»

Medan bokkapitlet i Fjordantologien dokumenterer den "nye" forskinga og funna som dette prosjektet har bidratt med, ser vi også at det er behov for ei samlande oversikt over tidlegare forsking om IT-forum. Såleis kan denne avsluttande rapporten sjåast som eit lite "oppslagsverk" om IT-forum.

4. Tidlegare forsking omkring og dokumentasjon av IT-forum

4.1. Publikasjonar, historisk tilbakeblikk og attestar frå avtroppende leiarar

Det finnst frå tidlegare publikasjonar og rapportar der nettverket åleine, deler av nettverket eller nettverket saman med andre nettverk er undersøkt.

Den mest omfattande analysen av IT-forum som er gjort tidlegare vart gjort som del av eit større forskingsprosjekt finansiert av Forskningsrådet og fylkeskommunen mellom 2011-2014, *VRI2 FoU Sogn og Fjordane*. (Programnamnet i Forskningsrådet var Verkemiddel for regional innovasjon). Dette prosjektet omtala og analyserte IT-forum i ein dokumentasjonsrapport saman med fire andre nettverk og i eit eige notat med ein funksjonell analyse.

- Innovasjon i Sogn og Fjordane - vilkår og barrierar. Dokumentasjonsrapport, VF-rapport 3-2014, Skogseid, Skarbø, Larsen, Ekstrøm, Strand (Nesse et al., 2014)
- Funksjonell analyse av IT-forum Sogn og Fjordane, VF-notat 9 2014, Ekstrøm, Skogseid & Nesse (Ekstrøm et al., 2014).

Det vitskaplege paperet «Tango for tre» bygde vidare på analysen i prosjektet. Så vart ei praktisk retta verktøykasse utvikla med bakgrunn i erfaringane. Denne vart så oversett til engelsk og innhaldet, i kortform «sju råd for god nettverksleiing og fire øvingar for å etablere og fornye nettverk», vart fundamentet for eit internasjonalt Interreg-prosjekt, [P-IRIS 2017-2021](#), leia av fylkeskommunen. Til sist var IT-forum viktig case i boka Innovasjonsøkosystem.

- Tango for tre (s 193-237), Fjordantologien 2014 (Skogseid, Larsen, et al., 2014).
- Verktøykasse for strategisk arbeid med innovative nettverk, VF-rapport 9 2016, Nesse J.G., Skogseid, I. og Larsen, Ø.H (Nesse et al., 2016).
- A Toolbox for Strategic Leadership of Innovative Networks, VF-rapport 3 2017, Nesse J.G., Skogseid, I. og Larsen, Ø.H (Nesse et al., 2017).
- Innovasjonsøkosystem, Fagbokforlaget, Nesse, J.G (red) 2017, kapittel 2, 3, 4, 8 og 14 (Nesse, 2017).

4.1.1. «Tango for tre»

I «Tango for tre» (Skogseid, Larsen, et al., 2014) vert den vanskelege koordineringa mellom dei tre aktørane i Trippel heliks relasjonane utforska: Styresmakter, næringsliv og akademia (Etzkowitz & Leydesdorff, 2000). Teoretisk vert det nytta ein kombinasjon av innovasjonsteori og institusjonell teori. Forfattarane har gjennom ei mengde semi-strukturerte intervju analysert fem nettverk i Sogn og Fjordane. Eit av dei er IT-forum. Analysen avdekkjer drivkrefter og hindringar for utvikling av rurale innovative nettverk.

Paperet rapporterer følgjande funn for nettverket IT-forum:

- Det er eit stort tal aktive deltakrar i nettverket
- Små miljø oppnår meir ved å samarbeide og kunnskapsdelinga vert oppfatta som viktig
- IT-forum er ein arena for innovasjon der nye idear vert vidareutvikla for fylket og medlemmene sitt beste. Det er stor grad av involvering av ulike medlemmer, men tid og ressursar er knappe faktorar hjå dei små verksemndene

- Legitimiteten er god:
 - o Kulturelt-kognitivt:
 - IT-forum er eit veletablert nettverk med lang historie
 - Ein får til meir saman enn kva kvar enkelt klarar åleine
 - Gjennomføringsevne er god
 - Føreibile for andre
 - o Sosipolitisk:
 - Bygger ein samarbeidsinfrastruktur mellom etablerte organisasjonar
 - Aktive i strategiske satsingar
 - Nærleik til avgjerdstakar
 - Høyringsinnstans
 - Lobbyverksemd (breiband, helse)
- Nettverket er ressursmobiliserande:
 - o Fleire av medlemmene har bygd seg opp god kjennskap til strukturar og system, og ein har gjennom dette klart å mobilisere finansielle ressursar, både innan nettverket og i form av prosjektmidlar på regionalt og europeisk nivå
- Nettverket skapar nytte for aktørar *utanfor* nettverket:
 - o Prosjektsamarbeid for å utvikle felles gode, som betre breibanddekning
 - o Har bana vegen for statlege arbeidsplassar i fylke (t.d. DIFI)
- Oppsummert og samanlikna med fire andre nettverk har nettverket gjennomgåande god funksjonalitet i høve incentiv, kunnskap, innovasjon, legitimitet, ressursar og eksternalitetar. Forfattarane kallar i avslutninga dei seks funksjonane for "motoren" i nettverket.

4.1.2. Forsking på satsingar og nettverk

Eit utval satsingar og undernettverk i IT-forum er det forska og publisert særskilt på.

IT-forum breiband

Det unikt organiserte fylkesdekkande samarbeid for utbygging av breiband i fylket, der undergruppa IT-forum breiband er sentral, er tema for eit journalbidrag frå Skogseid, Grøtte, et al., 2014, med tittel «Understanding Broadband Infrastructure Development in Remote and Rural Communities – a Staged and Reflexive Approach». Her vert arbeid med infrastrukturutvikling, historisk utvikling av samarbeidet i undergruppa og resultat dokumentert.¹

Breibandbygginga er og eit av tre case i avhandlinga til dr. Ingjerd Skogseid i 2007, UiO. Frå siste del av samandraget i avhandlinga skriv Skogseid:

"Tilgang på og bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) og tilstrekkeleg infrastruktur er viktig for utvikling og levekår både i distrikta og bynære område. Ei viktig utfordring er å sikre ei balansert utvikling som gir like tilhøve alle stader. Doktorgradsarbeidet har analysert tre case som viser korleis kommunar, bedrifter og privatpersonar i distrikta handlar for å møte slike utfordringar.

Utviklinga i småsamfunn og bygder blir påverka av global og nasjonal utvikling. Avhandlinga ser på kva grep småsamfunn kan ta for å møte desse utfordringane.

¹ Les heile artikkelen her: <http://ci-journal.net/index.php/ciej/article/view/1039/1094>.

Globale trendar kan gjere småsamfunna marginaliserte fordi marknadsøkonomien har større fokus på kostnaden for å levere tenester enn på verdien av tilgangen. For å oppnå det same som bynære samfunn må småsamfunn i utkantane mobilisere og samordne lokale ressursar som eit mottrekk til den toppstyrte utviklinga.» (Skogseid, 2007, s. 2)

IT-forum skule/oppvekst og utdanning

ITFOU (før ITFskule) har frå 2006 arbeidd med å finna løysing for digitalt samarbeid og samspel på tvers av alle skulesteg i fylket. ITFOU består av ressurspersonar innan ikt frå alle regionråda, fylkeskommunen, fylkesmannen, høgskulen og Vestlandsforskning. Arbeidsgruppa sto bak eit digitalt fellesløft finansiert av fornyingsmidlar frå 2007-2010. Dette vart dokumentert gjennom ekstern prosjektevaluering gjennomført i 2. kvartal 2011 av Høgskulen i Vestfold: Digitalt skulesamarbeid i Sogn og Fjordane.

Konklusjon i evaluatingsrapporten ser slik ut:

Dette har vært et stort og ambisiøst prosjekt. Prosjektet har sørget for en læringsplattform for hele fylket, og dette har vært en omfattende oppgave. Det som nå er viktig er å bygge videre på det arbeidet som er nedlagt. Det er derfor viktig at man i det kommende arbeidet fokuserer på å vedlikeholde det administrative rammeverket (redusert ressursbruk) og heller øker innsatsen mot det å lage felles rutiner for produksjon av innhold, motiverer og sørger for etablering av samarbeid mellom lærere, mellom elever og mellom klasser. Dette kan med fordel gjøres via fortsatt kursing av enkeltlærere på skolene og benytte disse som både administrative og pedagogiske "superbrukere" for den enkelte skole (s. 25).

Arbeidsgruppa følgde opp tilråingane ved å rette innsatsen mot å arrangere årlege konferansar for erfaringsoverføring av beste praksis i fylket. Neste prosjektsatsing frå 2015-2018 var «Satsing på IKT som læremiddel », og støtta av skjønnsmidlar frå Fylkesmannen. Her arbeidde gruppa vidare med koplingar til nye innhaldstenester og betre bruk av nye medier i undervisning. Og samarbeid med KS, skule og barnehageutvalet vart tettare.

IT-forum eHelse/Velferdsteknologi

Fleire av satsingane innan helse og teknologi har vorte analysert og publisert omkring. Behov for satsingar i regi IT-forum vart dokumentert i forprosjektet «Kommunar, helse og ikt», VF-rapport nr 2, 2006 (Grøtte et al., 2006). Vestlandsforskning fekk så oppdrag frå Sosial- og helsedirektoratet om å evaluere innføring av elektronisk pasientjournal (EPJ) ved Helse Førde frå 2005-2006. I tillegg vart oppdraget utvida til å skulle evaluere eit planlagt prosjekt for fullskala meldingsutveksling frå primærhelsetenesta i kommunane til Helse Førde. Den siste delen var delt i to med oppstart i dei tre Nordfjordkommunane Stryn, Hornindal og Gloppen og etter kvart med mål om utviding/utrulling til alle kommunane i fylket. Prosjekta skjedde i samarbeid med IT-forum Sogn og Fjordane og Norsk Helsenett, i tillegg til Helse Førde og kommunane i fylket. Prosjektet i dei to fasane var «Utrulling av fylkesdekkande IT-tjenester for helse i Sogn og Fjordane» (2007-2008) og «Fylkesdekkande IT-tjenester for helse i Sogn og Fjordane 2» (2008-2009), begge finansiert av fornyingsmidlar

frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Evalueringa vart dokumentert i «Evaluering av innføring av elektronisk pasientjournal (epj) og papirlite sjukehus i Helse Førde og av pilot innan elektronisk meldingsformidling mellom Helse Førde og tre legekontor i Sogn og Fjordane» VF-rapport 10/2007 (Larsen, 2007). To VF-notat vart publisert i 2006 frå prosjektet, der ein diskuterte IT-forum (Larsen & Strand, 2006) og seinare vart erfaringar formidla på nasjonale og internasjonale konferansar. Eit nasjonalt/ skandinavisk bidrag frå Larsen & Skogseid presentert på Scandinavian Conference on Health Informatics i 2009 vart publisert i konferansens "proceedings". Eit internasjonalt bidrag vart i 2011 publisert i proceedings til ein konferanse i regi av IADIS – International Association for the Development of the Information: <http://www.iadisportal.org/e-health-2011-proceedings>. Bidraget vart også valgt ut blant dei 10 beste bidraga frå multikonferansen, dvs. alle IADIS-konferansane i 2011, og vart revidert til ny publisering i 2012 (Larsen & Skogseid, 2012).

Første side av bidrag frå Larsen og Skogseid slik det vart publisert i *Proceedings from Scandinavian Conference on Health Informatics*. 24-26 August, 2009, Grimstad, Norway. Edited by Rune Fensli og Jan Gunnar Dale ISBN: 978-1-61738-894-1
<http://www.proceedings.com/09177.html>

Electronic interaction in health services and organizational change - projects with national impact from the county of Sogn & Fjordane

Oyvind Heimset Larsen and Ingjerd Skogseid

Western Norway Research Institute, Sogndal, Norway

Abstract

In the county of Sogn & Fjordane there is long experience with electronic messaging between the first line of service and the hospital, but now they are about to realize the paperless interaction. There are still challenges to solve, but in three pilot municipalities the implementation is a success and the long awaited process has been completed. Local initiative in the health sector can be hampered by stakeholders with large degree of freedom. Even when following national regulation and standards the process has taken time and effort. It demonstrates how too many actors influence and delay a local health sector projects, forcing unforeseen development of new software for national use and organizational procedures with national impact.

This process has already proven to be more than the top-down technology diffusion envisioned at the start in 2006. Both in the three pilot projects and in the remaining 23 municipalities the process involves change in large and small organizations and require learning, new procedures and establishment of new relations, reallocation of resources and new organisational structures. This article discusses these and the chosen strategies in light of aspects from Leavitt's Diamond.

Keywords:

Medical informatics, electronic messaging, Community Health Services

Introduction

Førde Hospital and the three local hospitals in the county was early adapters of technology, utilizing electronic interaction with the first line health service, but the paper version of the message still had to be sent in parallel. A national reorganisation of the hospital services into health enterprises in 2004 added new challenges, ICT resources and decision power was moved out of the county to the regional level. Helse Førde, now administrating all the county hospitals, has still kept the pressure up and has carried out a major restructuring with the focus on the use of ICT internally and for communication with the municipalities [1]. Paperless sending of referral and case summary messages between medical offices and hospitals was and is a priority project [2]. This is also a wanted development by the municipalities and physicians. Three medical offices [3] were selected as pilot districts because they covered all three

office systems in use, had sufficient technical infrastructure in place and could take on the extra work.

Methods

We have chosen to use Leavitt's Diamond [4] as a framework to explore both the social and the technical perspective of the implementation of ICT in the local health sector project. We chose this model because it is regarded a tried and tested model relevant to highlight the apparent challenges found in technology introduction processes. And yet it is simple enough to utilize and explain.

Change has been a continuous process on many levels in the Norwegian health sector. According to Harold Leavitt [4] any organizational change has to be based on four components that together represent an organization.

- Tasks to be performed – Goals
- People who perform tasks – Participants
- The technology used – Technology
- Organization structure – Social Structure

According to Leavitt the management's primary mission is to ensure balance between the four components. Leavitt's main point being that organizational change by the introduction of new technology, not only leads to creation of new tasks and opportunities, or changes in the way the old tasks are performed. This could be addressed by a straightforward change of strategy. But new technology will also have effect on the organization structure and the individual organization members who are affected by the change.

Our participation has been as partners in the process initially through an evaluation process and later as action researchers operating in parallel to the pilot. Data has been collected through interviews, participant observation and as action researchers we took active part in the process [5-7].

Case description

We will describe the case in the four components defined by Leavitt.

Goals: Tasks to be performed

The national health plan [8] states that appropriate use of ICT combined with organisational development and a stronger

Samandrag frå det internasjonale bidraget frå 2012:

In the large, sparsely populated, but resourceful Norwegian county of Sogn & Fjordane, there is need for electronic messaging between the primary care service and hospitals. Several years and significant resources have been spent setting up this initiative which attempts to take the paper out of paperwork. A consortium of local organizations established in 2006 is still working to this aim. The question remains though as to why this desired transition to a paperless form of communication has not taken place? Barriers initially appear technological in nature, but this paper argues that local initiatives in the health sector can easily be hampered by stakeholders, both large and small, whose influence greatly shapes how and when actions are implemented. The electronic messaging project has had success in key areas, with impacts both at regional and national level. Due to modest national regulations and standards open to interpretation the obstacles have been harder to overcome than our many high mountains and deep fjords. This article discusses the challenges faced and the strategies chosen by exploring the goals, participants, the technology and the social structures which are all influencing the change process to answer the question; 'why has the desired transition to an electronic communication taken so long time?' (Larsen & Skogseid, 2012).

Meldingsløft i Sogn og Fjordane var eit prosjekt som var aktivt mellom 2011 og 2014, og prosjektet Velferdsteknologi for kommunane i Sogn og Fjordane som har vore aktivt sidan 2014 og forsatt er det i 2018. Det første handla om innføring av elektroniske meldingar mellom einingar i helse- og omsorgssektoren.

Meldingsløftet i Sogn og Fjordane vart også evaluert, med vekt på korleis kommunane hadde erfart gjennomføringa av Meldingsløftet i eigen kommune, og i lys av organiseringa i arbeidsgruppa forankra i IT-forum. Ei lengre norsk versjon vart publisert som rapport ved Vestlandsforsking, medan eit kort «abstract» vart presentert og publisert med konferansen Scandinavian Health Informatics (SHI) 2014 av Corneliusen. Nedanfor delar vi samandraget av den norske rapporten, og heile bidraget frå SHI, inklusiv ein poster som vart presentert på konferansen.

Samandrag Corneliusen, 2014a, VF-rapport 8/2014:

Prosjektet Meldingsløftet Sogn og Fjordane har i to faser arbeidet med innføring av elektroniske meldinger, først mellom pleie- og omsorgstjenesten (PLO) og legekontor (fase 1) og deretter mellom PLO og helseforetak, altså Helse Førde i Sogn og Fjordane (fase 2). I juni 2014 har alle kommunene i Sogn og Fjordane startet med elektronisk meldingsutveksling både mellom legekontor og PLO og mellom PLO og helseforetak. Sogn og Fjordane er dermed et av de første fylkene i landet med meldingsutveksling i alle kommunene.

Denne rapporten oppsummerer erfaringene fra prosjektet basert på intervjuer med prosjektgrupper i kommunene og helseforetakets prosjektansvarlige. Hoveddelen av rapporten er konsentrert om meldingsutveksling mellom PLO og legekontor, ettersom dette var den kommunikasjonskanalen alle kommunene hadde erfaring med på evalueringstidspunktet, men også etablering av elektroniske meldinger mellom Helse Førde og kommunene (PLO) er evaluert basert på intervjuer med kommuner som var koblet opp og med prosjektgruppen fra Helse Førde. Rapporten tar for seg selve prosessen med innføring av meldingsutveksling, samt prosjektgruppens synspunkt på hvorvidt og eventuelt hvilke effekter elektronisk meldingsutveksling gir for helsetjenestene.

Poster presentert på Scandinavian Health Informatics Conference 2014.

MELDINGSLØFTET SOGN & FJORDANE

– innføring av elektronisk meldingsutveksling mellom pleie- omsorgstjenesta, legekontor og helseforetak

Prosjektet er delfinansiert med "Fornyingsmidler" Inntil Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Meldingsløftet Sogn & Fjordane

Prosjektet har arbeidd med innføring av elektroniske meldingar i to fasar, først mellom den kommunale pleie- og omsorgstenesta (PLO) og legekontor (fase 1) og deretter mellom PLO og helseføretak (fase 2).

Pleie- og
omsorg



Helseforetak

Lege

Prosjektstruktur

- ❖ **Partnerar:** IT-forum S&Fj., Flora kommune, Vestlandsforskning
- ❖ **Deltakarar:** alle 26 kommunane
- ❖ **Prosjektgrupper:** med pleie- og omsorg, lege, IKT/fagsystem
- ❖ **Pilotar:** Flora og Stryn var pilotar i prosjektet **Vestlandsloftet** og i **Meldingsløftet S&Fj**



JUNI 2014

- Elektronisk meldings-utveksling etablert i alle kommunane i Sogn og Fjordane

Ei suksesshistorie om ein kommunikasjonsreform i Sogn og Fjordane

EVALUERING



- Evaluering av prosjektet gjennom intervju med prosjektgruppa i 7 kommunar i fylket og med helseføretak

Vestlandsforskning rapport 8/2014
Meldingsløftet Sogn og Fjordane
– Små og tett på!

Sjølv-evaluering

Prosjektgruppene si sjølv-evaluering av spørsmål om:

1. Gjennomføring av prosjektet
2. Teknisk installasjon og oppgradering
3. Etablering av rutinar for elektronisk samhandling
4. Teknisk opplæring
5. Faglig opplæring

Skala fra 1 "veldig dårlig" til 5 "svært godt"

Erfaringar frå Meldingsløftet

- "Her skal amatørar gjennomføre noko som vi ikke eigentleg skjønar kva er!"
- "Vi er en liten kommune, vi er godt samsnakka og vi har jamleg kontakt med alle, så samhandling er ikke noko problem!"

Kva gjer dette til ei suksesshistorie?

- Ei generell positiv oppleving av prosjektet:
 - "Alle ynskjer å gå inn for dette for vi ser det er formutig"
 - "Det har vært et utrolig kjekt prosjekt å jobbe med fordi folk ser gevinsten"
- To pilotkommunar bana veg, teknisk, praktisk og fagleg:
 - "Vi har vært pilot og gjort avklaringane og spa dei andre for alle frustrasjonane vi har hatt"
 - "Vi visste ikke helt korleis kommunikasjonen skulle vere, men hos pilotkommunen fekk vi sjå systemet frå alle kantar"
- Velvilje og "folk som vil noko"
 - "Det var ikke vanskeleg å få folk involvert! Ingen hadde vondt i viljen!"
- Tidleg oppstart og læring gjennom erfaring:
 - "Ein må berre starte. I staden for å planleggje må ein berre prøve – vi har jo ikke noko å samanlikne med"
- Hjelp og tid til å lære
 - "Vi fokuserte ikke på avvik og feil, men på å lære og på løysningar når noko skjedde"
- Det er godt å koma i mål med eit prosjekt:
 - "Folk er stolte av å jobbe i kommunen!"
 - "Vi har blitt stolte av oss sjølv"

	KOMMUNAR								Gjennomsnitt per spørsmål
	Nr. 1	Nr. 2	Nr. 3	Nr. 4	Nr. 5	Nr. 6	Nr. 7		
PROSJEKTJENNOMFØRING	3	5	5	3	5	4	4	4,1	
Teknisk installasjon	3	5	5	4	5	4	3	4,1	
Etablering av rutinar	3	5	-	5	5	5	4	4,5	
Teknisk opplæring	3	5	5	4	5	5	5	4,6	
Fagleg opplæring	3	5	4	4	5	4	5	4,3	
Gjennomsnitt per kommune	3,0	5,0	4,75	4,0	5,0	4,4	4,2		

Bidrag frå Corneliusen 2014b publisert i *Proceedings from Scandinavian Conference on Health Informatics*. August 21-22, 2014, Grimstad, Norway. Edited by Carl Erik Moe and Mariann Fossum, University of Agder, Norway

A Success Story about a Communication Reform in the County of Sogn & Fjordane

Hilde G. Corneliusen

Western Norway Research Institute, Sogndal, Norway

Introduction

The project "Meldingsløftet Sogn & Fjordane" worked to introduce electronic messaging between local health services, general practitioners (GPs) and specialist care in the county of Sogn og Fjordane. A checklist was developed and all 26 municipalities enrolled in the project in the first phase. By June 2014 all municipalities had established electronic communication between local health services and GPs, and between local health services and specialist care. The aim of this study is to evaluate the project and the introduction of electronic messaging. Only two years ago, when the first stage of electronic interaction in health services between GPs and hospitals in Sogn & Fjordane was evaluated, it was the long and winding road that dominated: years of challenges and delays (Larsen & Skogseid 2012). This time the evaluation tells about a project that fulfilled its goal in time with motivated and proud participants – in short, it is told as a "success story".

Materials and Methods

The evaluation is based on interviews with project groups in seven municipalities involving local health care, GP, and ICT. They represent variations in population (< 2000 to > 11000), regions, as well as different ICT systems for health care services. A semi structured interview guide followed the structure of the initial checklist and its main areas, asking project groups to share their experiences regarding external cooperation, technical challenges, establishment of routines, training, incident reporting and budget, as well as their overall impression of the project. We also asked the project groups about effects of electronic communication, and finally, about drivers and barriers affecting the process.

Results

The system for electronic messaging was new for the local health services and they had little knowledge about the system when they started: "*Here we are, amateurs, meant to accomplish something that we don't even know what is.*" But still we met an extraordinary positive attitude in the project groups, as also documented in their self-evaluation on a scale from 1: 'very poor' to 5: 'very good' on questions of satisfaction concerning project progress, technical installations, establishing routines, technical training, and professional training. Two of the project groups scored an average of 5, one scored 3, and the rest scored an average between 4.2 and 4.75. Together with claims like "*this wasn't difficult*", "*everybody wants this because they see it is sensible*", the overall impression of the project is that it worked very well. One of the success factors in the project was two municipalities acting like pilots both in this project and in the

larger project *Vestlandsloftet*. The pilots were dealing with technical issues and contributing with knowledge, experience, user manuals and routines, as well as being motivators. Despite an average score of 4.1 among all groups on the question of technical issues, all project groups reported about initial technical challenges, problems with addresses on the Norwegian Health Network as the most severe issue. However, once the initial technical challenges were solved it was all running smoothly: "*the breaks were on the technical part*"; "*it wasn't hard getting people involved*". Despite the support from the pilots, the project groups emphasised that they had to learn and adjust as they went along. This "learning by doing" meant that local "*super users*", "*enthusiasts*" and "*people who want something*" were important. All project groups agreed that the new system increased the quality of health care, mainly by turning previous oral messages into written communication, but also by improving contact between local health care, GPs and specialist health care. The odd voice that stood out was one project group that did not see major improvements, but rather a time and resource "thief", as the small municipality already enjoyed good communication between health care units.

Discussion: What makes this a success story?

"Meldingsløftet Sogn & Fjordane" completed its mission, making S&Fj among the first counties to complete the triangle of electronic messaging between local health services, GPs and specialist health care. Compared to the earlier project with delays and lack of motivation, this project is a success not only due to the actual achievements, but also due to the attitudes. Almost the same words are chosen by one of the pilot groups as we heard from the specialist health care: "*It has been incredibly fun to work with this project because people can see the benefits!*" The stories from the project groups are filled with examples of health care workers' will to participate, cooperation between institutional sections and ICT experts, ability to adjust, and not the least, satisfaction and pride: "*We have become proud of ourselves.*"; "*People are proud of working here.*"

Acknowledgments

The project is financed by County and County Governor of S&Fj. Project owner is KS S&Fj, and project partners are WNRI, IT Forum S&FJ, and Flora municipality.

Address for correspondence

Hilde G. Corneliusen, hgc@vestforsk.no

I 2016 vart IT-forum som frivillig nettverk analysert med bruk av satsingane innan ehelse og velferdsteknologi som eksempel av Larsen og Corneliusen 2016a. Bidraget vart presentert på The 8th International Conference on e-Health (EH 2016) i regi av IADIS, i Funchal, Madeira, Portugal, 1 - 3 July 2016. Samandrag:

The county of Sogn & Fjordane is one of 19 counties in Norway, with approximately 109 000 inhabitants in 26 municipalities. This county has achieved outstanding results in the field of e-Health, as one of the first counties in Norway that completed the process of moving message in the health sector to an electronic platform, by June 2014. What has made this challenging region become a spearhead and the 26 municipalities able, not only to engage in, but to achieve technological innovative and organizational results and success in health services? The analysis takes the theory of Triple Helix systems as a starting point and shows that an informal multi-stakeholder network has been a vital driving force, operating across the small and diverse units without challenging existing power structures (Larsen & Corneliusen, 2016b).

Prosjekta som vert omtale i dette kapitelet finn du meir informasjon om på [nettsida til Vestlandsforskning](#)

Velferdsteknologiprosjektet styrt av prosjektgruppa under IT-foum har også vorte analysert med vekt på kommunane og korleis dei relativt små kommunane i fylket møter retninglinjer som har vokse fram i regionar med tettare busetnad og større folketal. Artikkelen vart presentert på konferansen Scandinavian Helth Informatics i 2017, av Corneliusen og Hove og sidan publisert i konferanse-proceedings 2017. Frå samandraget:

New assistive technology appears as part of the solution for a coming 'crisis' in health care services. This paper analyses experiences with introducing welfare technology in small municipalities in the region of Sogn and Fjordane. The empirical material is based on nine interviews with project groups and health care leaders in municipalities working with welfare technology. While many of the national advice and recommendations about assistive technology are good guidelines, the findings suggest that certain challenges are increased by the small size of the municipalities. This points to the importance of recognising different needs created by a variation among municipalities (Corneliusen & Hove, 2017).

Aktivitetane i Velferdsteknologiprosjektet har også vorte oppsumert i rapportar og notat frå kvar av dei, til no gjennomførte, fire fasane av dette prosjektet, der den sentrale arbeidsgruppa ligg under IT-forum. Sjå t.d. desse publikasjonane på <https://www.vestforsk.no/> og i referanselista: Corneliusen, 2014c, 2015; Corneliusen et al., 2016; Hove & Corneliusen, 2017; Hove & Corneliusen, 2018.

4.2. Årsmelding med historisk tilbakeblikk 2014

Årsmøtet i IT-forum vedtok i 2014 i si årsmelding og ein historisk gjennomgang med høgdepunkt frå 20 år.



IT-FORUM SOGN OG FJORDANE

Årsmelding for 2014

&

høgdepunkt frå 20 år

	Side
1. Grunntankar	2
2. Hovedtanken gjennom 20 år	3
3. Greatest hits	4
4. Styring og organisering i 20 år	5
5. Behov og hovudlinjer	8
6. Grupperne i 2014	11
7. Grupper som kom og gjekk...	20
8. IT-forumkonferansen 1995-2014	24

Då vart dette framheva ([tilgjengeleg for nedlasting her](#), sjå side 4) at hovudstrategien gjennom 20 år har bygd på nokre konkrete kjenneteikn som har gitt gode resultat, som omfattar *samhandling på tvers av sektorar og organisasjonar*, etablering av store demonstrasjonsprosjekt der mange aktørar har blitt involvert, og internasjonalt samarbeid med relevante partnarar, ofte i liknande regionar.

Blant høgdepunkta for IT-forum vart det peika på følgande:

Infrastruktur

- Alle kommunane, regionråd og næringsliv med i Breibandforum
- Fylkessamarbeid om breibandutbygging sidan 2003
- Ca 200 mill kr i utbyggingsmidlar 2003-2013
- 39 mill i nasjonale midlar i 2014 i første utlysing i regi av Nkom, totalt 90 mill i utbyggingsbudsjett med lokale og regional midlar og leverandørar.

Innhald

- Alle kommunane og fylkesnivået med i fellessatsing eHelse
- Norsk Helsenett (linjene) innført og samordna med regionale breiband
- Meldingsformidling mellom kommunane, lokal lege og sjukehus (helsemeldingar) innført i alle kommunar i S&Fj som eitt av dei første fylka i landet
- Velferdsteknologi nytt felles løft med alle kommunane frå 2014
- eForvaltning fellessatsing mellom Fylkesmannen og kommunane om elektronisk samhandling og effektivisering i offentleg sektor
- Samarbeid på tvers av alle grunnskule, vidaregåande og høgskule i S&Fj for utvikling av innhald i IT-basert undervisning
- Fjordinfo AS etablert som ein av landets første regionale offentlege vevtenester i 1996 Internasjonalt • IT-forum har hatt prosjekt i internasjonale FoU-program sidan 1995
- EU sine FoU-program, INTERREG, Competition & Innovation program mm
- Prosjekt Encata, RegioNet, TITAN, ODIN Mobile, GeoShare, Saber, mm
- Samarbeidspartnerar i dei fleste land i Europa
- Grunnlag for etablering av statlege arbeidsplassar (DIFI)
- Grunnlag for etablering av bedrifter (Avinet AS)
- Effekt for infrastruktur (satellittbreiband)

Informasjon

- Arrangert IT-forum-konferansen 1995-2014
- Møteplass & fagleg inspirasjon for rundt 200 deltagarar pr år
- Felles studieturar til Europa (Frankrike, Danmark, Finland, Belgia), USA (San Francisco, Silicon Valley), India (Bangalore, Mysor og Goa)

4.3. IT-forumkonferansen

IT-forumkonferansen vart organisert over 20 år, og vart eit viktig møtepunkt for IT-næring og -fagfolk i Sogn og Fjordane. Den siste IT-forumkonferansen vart arrangert i 2014, då det vart vedteke at konferansen frå 2015 skulle gå inn som ein del av Næringsdagane i Sogn og Fjordane.

Programmet til den siste IT-forumkonferansen i 2014 (før den no er del av Næringsdagane):

it-FORUM SOGN OG FJORDANE

IT-forumkonferansen 2014 Program

Årets tema: Kreativt IT-fylke?

I 2014 viser 20-årsjubilanten fram dei tre hovudsatsingane i nettverket: Velferdsteknologi, Leverandørnettverk og Breiband og ønskjer vidsyn frå vegvisarar utanfrå. Gjennom meir enn 20 gode programinnslag tek IT-forumkonferansen 2014 mål av seg å vere ein vegvisar inn i sentrale IT-utfordringar fylket møter. Ser vi behova? Har vi løysingane?

Programleiarar og kaospilotar begge dagar er Nils og Ronny

Onsdag 1. oktober

- 09.00 Registrering.
- 10.00 Velkommen. Konferansen er 20 år! Jan Heggheim.
- 10.15 Konferansierane Nils og Ronny startar dagen for oss!
- 10.30 Fra Florø til Silicon Valley, Silje Vallestad, getbsafe.com
- 11.30 «Vi treng folk – vi får folk!» Enoro, Leif-Arne Skaar.
- 12.00 Lunsj.
- 13.00 «Velferdsteknologi – behov og status i kommunane». Flora og Eid kommune, og Utviklingssenter for sjukheimar og heimatenester (USHT) i Sogn og Fjordane.
- 13.30 «Utdanning». NHO Sogn og Fjordane/Høgskulen i Sogn og Fjordane om behov og samarbeid.
- 13.45 «Digitaliseringssløysinger finst, men kompetanse og tid?» Svein Ølnes.
- 14.00 Minglepause. Kaffi/pausemat.
- 14.20 **Parallellesjonar:**
A: (I Sunnfjordsalen)
Velferdsteknologi: Døme på løysingar.
 - Plattform for velferdsteknologi og trygghetssignal for bolig og institusjon, Ulf Harry Evensen.
 - Cathinka Guldborg Lovisenberg innfører digitale pasientrom.
- B: (I sal 11) **Rekruttering:**
 - Traineeordning, Framtidsfylket, Gro Rukan.
 - Mediebruket i Førde, Arild Nybø.
 - Dificamp, Rune Kjørlaug.
- C: (I Erikås Amfi) **Digitaliseringssløysinger: Døme på løysingar.**
 - Digital postkasse, Difi, Olav Skarsbø.
 - E-handel, presentasjon av løysinga for bedrifter mot offentleg, SFFI.
- 15.20 Nils og Ronny introduserer speeddating!
- 15.30 Minglepause. Kaffi.
- 15.40 Speeddating – bli kjend og knyt kontaktar! Del ei suksesshistorie! Finn nye samarbeidspartnerar! Skap gode relasjonar!
- 17.30 Pause.
- 18.30 Underhaldning med Nils og Ronny, aperitif.
- 19.30 Middag.

Torsdag 2. oktober

- 09.00 «Evolusjonsbiologi og IT». Jens Andreas Huseby, Avinor.
- 09.45 **Robust Infrastruktur:**
Utfordringar med dekning og kommunikasjon.
 - Fylkesmannen si vinkling, Håvard Stensvand.
 - Bluefjords – Ny robust industri, Edvin Brun.
 - Telenor – tiltak og status, Bjørn Amundsen.
 - Om fiber- og Statnett-utbygging, IT-forum breiband.
- 11.00 Minglepause. Kaffi.
- 11.30 **Kva tilbyr dei?**
 - Leverandørar: Kva løyer dei av utfordringar som konferansen tek opp? Fire leverandørar får 10 minutt kvar til å vise at deira tilbod løyer behov, åleine eller i samarbeid.
 - Levande leverandørnettverk i fylket:
Eit Fjord1-prosjekt, Sognefjorden Næringshage.
 - IT-forum leverandørnettverk, Arild Nybø.
 - Oppsummering av behov/utfordringar, Jan Heggheim og Framtidsfylket.
- 13.00 Lunsj. Vel heim for deltakarar som ikkje deltek på temamøtet om breiband.

Temamøte om breiband

Møtet er ope for alle deltakarane på konferansen og andre.

- 13.45 **IT-forum breiband:** Status for breibandsøknadane for 2014 og planar for prosjektoppfølging, kurs og rettleiing, Olav Skarsbø og Ivar Petter Grøtte.
- 14.00 **Telenor:** Produkt og utbyggingsplanar for fiber, fibernode og mobilt breiband.
- 15.00 **Eninvest og Sognenett:** Breibandprodukt og utbyggingsplanar.
- 15.40 **Breiband.no:** Produkt og tenester på satellitt og radio.
- 16.15 **NetCom:** Status og planar på den mobile breibandutbygginga.
- 16.45 Oppsummering og avslutning, Olav Skarsbø.

Twitter: #ITF14

WWW.IT-FORUM.NO

4.4. Studieturar ut i verda

IT-forum har jamnleg organisert studieturar for medlemmer. Desse turane har vorte motivert av utfordringar og sentrale tema for IT-forum i Sogn og Fjordane, der ein har søkt inspirasjon og kunnskap frå andre delar av verda. Eit døme på ein studietur som har ført til eit konkret prosjekt var tur til India i 2014 for å vitje store firma frå IT-industrien. Denne turen var utgangspunktet for det som seinare vart eit prosjekt finansiert av Innovasjon Norge, for å etablere ei ny IT-utdanning i Sogn og Fjordane – eit prosjekt som i 2018 hausta fruktar av arbeidet då det første kullet av studentar kunne byrje på bachelorgraden i Informasjonsteknologi i Førde.

Program for ein studietur i 2010 (Eit eige fagleg opplegg kring besøk i Las Vegas vart i tillegg organisert av Lotterit og stiftingstilsynet) :

IT Forum Study Tour

March 21. – 25., 2010 San Francisco, California

IT Forum study trip to Silicon Valley and the San Francisco Bay Area will take place 21-25 March 2010. Following the trip to San Francisco there will be optional parallel trips, one to Microsoft HQ in Redmond Seattle and the other to study the control and security services in Las Vegas.

The conference will be a combination of site visits and networking events. We will hear from regional development organizations in the area, leading Silicon Valley firms and service providers, combined with an understanding of cutting edge technology and market trends.

Background
Known worldwide as an innovator in technology, Silicon Valley provides valuable lessons on how a local economy can foster innovation at the levels of individual firms, particularly in knowledge-intensive industries. Some of Silicon Valley's success is due to the tight bonds that have developed among ventures, academia, local service firms, venture capital managers, and the local community.

Innovation Norway has for years been instrumental in bringing experiences from Silicon Valley to Norway that can be adapted to foster Norwegian venture creation. Examples are networks that were established here – New Media Network, Venture Capital Network, Research and Educational Network etc.

San Francisco
We are currently working towards organisations to visit which include the following -

FISH & RICHARDSON P.C.
www.fr.com
What drives Silicon Valley
Richard Allen Horning, Fish & Richardson P.C.

City and County of San Francisco
The San Francisco Digital Inclusion initiative
City of San Francisco, Tech-Connect, http://www.sfgov.org/site/digitalinclusion_index.asp

at&t
www.att.com

Berkeley
Visit to UC Berkeley

Center for Open Innovation, Haas School of Business, UC Berkeley, <http://openinnovation.haas.berkeley.edu>
UC Berkeley, Center for Entrepreneurship and Technology, <http://cet.berkeley.edu/>

Visit to Stanford University
MediaX, <http://mediax.stanford.edu/about.html>
MediaX is focused on people and technology - how people use technology, how better design technology to make it more usable (and more competitive in the marketplace), how technology affects people's lives, and the innovative use of advanced communication technologies in research, education, art, business, commerce, entertainment, communication, national security, and other walks of life.

Stanford Center for Innovations in Learning, <http://scil.stanford.edu>
How information technologies can support and advance learning and teaching

Stanford Humanities Lab,
The business Aspect of Virtual Worlds and Communities
Henrik Bænnesen, Research Director, Stanford Humanities Lab, <http://shl.stanford.edu>

Visit to Plug and Play, www.pluginplaytechcenter.com
Facilitating new start-ups
Haud Pasturaud, Business Relations Manager

Visit to the City of Mountain View
Experiences with Google WiFi

Google
Visit to Google

COLLABORATIVE ECONOMICS
Collaborative Economics, www.collaborativeeconomics.com
The importance of regional leadership and collaboration
Or
Civic Entrepreneurship and Creating Regional Opportunities
Doug Henion, president and founder of Collaborative Economics

Microsoft
www.microsoft.com

apple
www.apple.com

NOKIA
Connecting People
Nokia Research Centre, Palo Alto - <http://research.nokia.com/>

INSTITUTE FOR THE FUTURE
Institute for the Future, <http://www.iftf.org/>
Networking event in the evening

INNOVATION NORWAY

Seesmic Seesmic, www.seesmic.com													
<p>Travel and Timing</p> <table border="0"> <tr> <td>Saturday 20th</td><td>Travel from Norway</td></tr> <tr> <td>Sunday 21st</td><td>Visit to Winery and Sightseeing</td></tr> <tr> <td>Mon 22nd - Thurs 25th</td><td>Full Program in Silicon Valley and San Francisco Bay Area</td></tr> </table> <p>Optional Additional Program</p> <table border="0"> <tr> <td>Afternoon 25th</td><td>Travel to Redmond, Seattle (MicroSoft) or Las Vegas (</td></tr> <tr> <td>Friday & Saturday</td><td>Full Program of activities</td></tr> <tr> <td>Saturday / Sunday</td><td>Return to Norway</td></tr> </table>	Saturday 20 th	Travel from Norway	Sunday 21 st	Visit to Winery and Sightseeing	Mon 22 nd - Thurs 25 th	Full Program in Silicon Valley and San Francisco Bay Area	Afternoon 25 th	Travel to Redmond, Seattle (MicroSoft) or Las Vegas (Friday & Saturday	Full Program of activities	Saturday / Sunday	Return to Norway	
Saturday 20 th	Travel from Norway												
Sunday 21 st	Visit to Winery and Sightseeing												
Mon 22 nd - Thurs 25 th	Full Program in Silicon Valley and San Francisco Bay Area												
Afternoon 25 th	Travel to Redmond, Seattle (MicroSoft) or Las Vegas (
Friday & Saturday	Full Program of activities												
Saturday / Sunday	Return to Norway												

4.5. Nyare populærvitenskapeleg dokumentasjon

Lokalmedia har dekka og kommentert både konferansar og satsingar IT-forum har stått bak. Denne rapporten legg ikkje fram ei oversikt over dette, men vi vel i tillegg til kronikken frå prosjektet å trekkjer fram attestar til IT-forum frå dei to siste avtropande styreleiarane og ein kronikk om IT-forum.

- Kronikken «'Saman er ein mindre aleine' - samarbeid gir breiband i Sogn og Fjordane» stod på trykk i Sogn Avis og Firda laurdag 30.09.2017.
<https://www.vestforsk.no/nn/publication/saman-er-ein-mindre-aleine-samarbeid-gir-breiband-i-sogn-og-fjordane>. Under Forskningsdagane 2017, som hadde temaet «Verdiar», trykte Sogn Avis og Firda ein serie kronikkar skrivne av forskarar ved Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning. Dette var ein av dei utvalde, og du kan lese heile kronikken nedanfor.
- Kronikken frå Anne Karin Hamre, Gunnar Hæreid, Jenny Følling og Harald Offerdal les du her "[Sogn og Fjordane-modellen skapar gode samfunn \(19.01.2018\)](#)". «I Sogn og Fjordane har vi tradisjon for tett samarbeid mellom offentlege og private aktørar. Målet må vera at denne modellen vert utvikla vidare og teken i bruk i det nye fylket.» Kronikken fortel at nettverk som IT-forum og kan ha ei rolle i eit nytt og større fylke, Vestlandet.
- Attestar frå to avtropande styreleiarar fortel om nettverket som føredøme, om utvikling og framtid.
 - o Jan Heggheim i [Porten 06.03.2015 - IT-forum, eit føredøme?](#)
 - o Gunnar Hæreid i Firda 30.05.2018 -[Kva ville fylket vore utan IT-forum?](#) og i [Fylkesmannsbloggen 06.06.2018 – IT-forum for framtida](#)

Kronikken "Saman er ein mindre aleine" - samarbeid gir breiband i Sogn og Fjordane stod på trykk i Sogn Avis og Firda laurdag 30.09.2017.

«Saman er ein mindre aleine» – samarbeid gir breiband i Sogn og Fjordane

I Jostedalen sit det akkurat no ei lita jente og surfar på internett. Faktisk sit det både guitar og bestefedrar og surfar i krikar og krokar av Sogn og Fjordane – der ingen skulle tru at folk med breiband skulle bu.

Og no kjem det enda fleire stader i fylket. Dei siste fire åra har samarbeidet rundt IT-forum Sogn og Fjordane bidratt til å hente inn utrolige 112 millionar nasjonale breibandkroner til fylket, mest av alle fylka i landet.

«Iblast går eg rundt i gatene som ein helt vanleg borgar. Men så tek eg på meg IT-forumhatten, og då føler eg meg som ein superhelt, for då får vi til så utrolig mykje», seier ein av dei involverte. Andre delar av landet har forsøkt å etterlikne IT-forum utan å klare det. Kva er det som gjør at eit slikt nettverk fungerer her? Kva er limet og drivkrafta i nettverket som mellom anna har vore med å sikre at du og eg kan «streame» Vestlandsrevyen når vi sjølv vil? For tida held Vestlandsforskning på med ein studie der vi intervjuar personar som har vore aktive i IT-forum, på jakt etter svar på desse spørsmåla.

«DET HAR EIN VERDI Å KJENNE KVARANDRE»

IT-forum Sogn og Fjordane er nett det det høyrest ut som: eit forum for dei som er opptekne av IT i fylket. Frå starten i 1995 var IT-forum ein viktig møteplass for dei som jobbar med IT i både privat og offentleg sektor. Å dele erfaringar og kunnskap er verdifullt når dei fleste einingane er små, slik dei er i Sogn og Fjordane. Verdien av å kjenne kvarandre er at det vert kortare veg mellom verksemder. Ein får innblikk i med det som skjer rundt om i fylket.

Men IT-forum Sogn og Fjordane vart meir enn ein møteplass. Det vart ein arena for samarbeid og ein motmakt mot sentrale krefter som elles truga med å marginalisere dei små einingane i distrikta.

«SGN OG FJORDANE-MODELLEN»

Det finst ei oppskrift for samarbeid i fylket. «Sogn og Fjordane-modellen» har mange kalla ho. Enkelt forklart går ho ut på å samle dei som opplever hindringar og eit breitt spekter av statsteslarar, definere problemet i fellesskap og dra lasset i lag. Det som skil IT-forum Sogn og Fjordane frå andre, liknande forum, er for det første at det har halde



SURFARAR: I Jostedalen sit det akkurat no ei lita jente og surfar på internett.

(Illustrasjonsfoto: Mette Frydenberg Reinertsen)

koken så lenge – i meir enn 20 år. Og for det andre at det har vore så breitt samansett, med privat næringsliv og offentleg sektor, saman med dei regionale forskings- og utdanningsinstitusjonane, altså Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning.

Oppskriften er lettend å skrissere. Mykje mera utfordring er det å skape vilje til å delta og bidra. Kva er grunnlaget for denne breie mobiliseringa?

«DET SIT INGEN PÅ AUSTLANDET OG TENKJER PÅ SGON OG FJORDANE»

Fylket vårt ligg i ferien, og det kan ofte kjennast som om det er langt til makta i Oslo. I tillegg er einingane våre små, både i offentleg og i privat sektor. Difor må vi ikkje berre klare oss sjølv – vi er nøydd til å samarbeide for bli sterke nok.

Dette var den viktigste grunnen til at IT-forum vart skapa i 1995. Dåverande fylkesmann Oddvar Flate stod i spissen for å opprette nettverket. Målet – og mandatet for nettverket – var å vere ein paraplyorganisasjon som skulle bidra til meir samarbeid i fylket. Den nye overbygninga skulle jobbe for at fylket skulle utnytte IT på best mogeleg måte.

Oppgåva er ikkje blitt mindre viktig med åra. I dag er internett ein grunnleggende føresetnad for å kunne bruke IT. Brebandsatsingen har med andre ord forlenga livet til fleire av småbygdene og grennene i fylket, slik at det kan sitje

ei lita jente i Jostedalen og leve heimeleksa si på internett.

SAMFUNNSANSVAR

Dei som er engasjerte har ikkje ein eigeninteresse når dei trer inn i IT-forum-sfæren, seier ein vi har intervjuat. «Då trer dei ut av rolla si og tenkjer på kva som er det viktigste for samfunnet, både det offentlege og næringslivet».

Mange understrekar at motivasjonen derira handlar om å jobbe for eit felles mål som er til beste for heile fylket – å vere «framtidssett» i ein region som kanskje har ekstra god nytte av IT-tilgangar. Å engasjere seg i IT-forum er ein del av verksmeda til samfunnsansvar, seier ein annan. Dette ansvaret er ikkje noko som vert delegert frå eller til nokon. Noko ved IT-forum gjer at deltakarane vel å gripe eit slikt ansvars sjølv.



Hilde G.
Cornelussen
Forskar ved
Vestlandsforskning
KRONIKK

DEI SOM VIL NOKO

Tittelen på denne kronikken har eg lånt frå forfattar Anna Gavalda, som i romanen frå 2004 skriv om fire single personar i ei bustadblokk som finn eit fellesskap i lag. Ved å slå seg saman, styrker dei kvarandre. Det nye som oppstår får ein verdi. IT-forum er eit slikt fellesskap av mange ulike aktørar som har funne saman.

OG NETT SOM når skuleelevar skal feire bursdag, har IT-forum ei haldning om at «alle» skal få invitasjon til fellesskapet. Kvar

einaste kommune har fått sjansen til å vere med på breibandsknader og til å delta i fylkesdekkande prosjekt om IT i helsesektoren. IT-folk frå heile fylket har blitt inviterte til konferansar og samlingar for fagellar. Men det er ikkje alle som deltek. Det er som fellesskapet i bustadblokka, frivillig å delta. Det sikrar ein viktig kvalitet ved IT-forum, nemleg at «dei som er der faktisk vil noko».

FEIRAR SUKSESSAR

«Nederlaga snakkar vi ikkje om», sa ein med lang fartstid i IT-forum. «I staden feirar vi suksesane!» Og det har etter kvart vorte mange grunnar for å sprete sjampangen. På 90-talet landa nettverket eit stort EU-prosjekt som vidare utløste nasjonale midlar. Mange i regionen var med, og opplevinga verka som ei vitaminsprøyte for det nystarta forumet. Arbeidsmåten med tematiske satsinger har etter kvart festa seg. Det nemnde breibandprosjektet er stort. Fleire utviklingsprosjekter for IT har omfatta heile fylket, som innføringa av elektroniske meldingar i helsesektoren. IT-forum bidrog til at Sogn og Fjordane i 2014 vart det andre fylket i landet som starta med e-meldingar. Arbeidet med velferdsteknologi har føgt same mal. I år får kommunar i fylket for første gong delta i Det nasjonale velferdsteknologiprosjekten. Det var saman vi vart sterke nok til å kvalifisere oss.

SUPERHELTAR

Stilolv om vi ikkje har meisla ut det endelige svaret på kva som er limet og drivkrafta i IT-forum, har vi kome langt nok til å augne nokre stikkord: ueigenyttre, samfunnsansvar, evne til å styrke små einingar gjennom samarbeid og til å dra lasset i lag. Når alk klfar, skapar dette superheltar som saman kan utrette «det utenkelige» for fylket sitt.

Under Forskningsdagane 2017 som har temaet «Verdian», trykkjer Sogn Avis og Firda ein serie kronikkar skrive av forskarar ved Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning.

Forskningsdagane

5. Bokkapitlet «På jakt etter suksessformelen for samarbeidsnettverket IT-forum Sogn og Fjordane»

Hovudstudien i prosjektet var altså intervju med representantar frå IT-forum som vart analysert og presentert i bokkapittel 6 i Fjordantologien 2018. Vi presenterer ramma for studien her, medan funna og diskusjonen kan lesast i kapitlet, som er opent tilgjengeleg for alle som er interesserte her:

«På jakt etter suksessformelen for samarbeidsnettverket IT-forum Sogn og Fjordane»
- kapittel i Fjordantlogien 2018 (juni 2018). Open Access : Heidi Hogset, Dag
Magne Berge og Karl Yngvar Dale (red.): [Det regionale i det internasjonale.](#)
[Fjordantologien 2018](#)

5.1. Metode

5.1.1. Intervju med enkeltpersonar involvert i IT-forum

Vi har intervjuat ti personar, sju menn og tre kvinner, som har vore engasjert i eller gjennom IT-forum mellom 1995 og 2017. Dei utvalde har, eller har hatt, ulike typar av verv i styret, i tematiske arbeidsgrupper eller på anna vis vore involvert i IT-forum, og vart valt ut for å sikre at ulike erfaringar blir synleggjort. Målet med intervjuet var å oppnå ei djupare forståing for nettverket ved å bli kjent med enkeltindividet og deira oppfatning av nettverket og si eiga rolle i det. Vi har nytta kvalitative forskingsintervju, som med Kvale og Brinkman sine ord, «søker å forstå verden sett fra intervupersonens side», og der det er et mål å «få frem betydning av folks erfaringer og å avdekke deres opplevelse av verden, forut for vitenskapelige forklaringer» (2009).

Vi brukte ein semistrukturert intervjuguide under intervjuet, der vi spurte informantane om deira engasjement og rolle i IT-forum, erfaringar, synspunkt og opplevelsingar knytt til IT-forum. Intervjuet tok mellom 30 og 60 minuttar, blant anna avhengig av kor omfattande engasjement den enkelte hadde hatt. Alle sitata nytta i slutleveransane er henta frå intervjuet.

Informantane blir anonymisert ved at vi ikkje koplar saman ulike uttalar, og heller ikkje nemner rollar dei enkelte har hatt verken i eller utanfor IT-forum.

5.1.2. Diskursteori og grounded theory som analytisk og metodisk tilnærming

Intervjuet vart transkribert og analysert i lys av ei diskursteoretisk forståing av meiningskonstruksjon, og med metodisk tilnærming henta frå ein grounded theory-strategi, basert på koding av intervjuet som tekst. Diskursteori ala Laclau og Mouffe gir eit rammeverk for å stille inn forskar-linsa til å bli merksam på korleis kulturell meiningsvert konstruert, utfordra og forhandla om, gjennom språklege praksistar og måtar vi vel å italesetje erfaringar og

synspunkt. Eit kvart utsegn har potensial til å skape ny meinings og utfordre eksisterande hegemoniske diskursar (Lacalau & Mouffe, 1985). I dette biletet er individua handlande aktørar som bidreg til å forma dei kulturelle forståingsrammene som dei er i kontakt med.

Medan diskursteori ga den epistemologiske ramma for å fortolke intervjuer, var grounded theory ein analysestrategi som guida sjølve analyseprosessen. Vi koda intervjuer manuelt i små eininger, før vi peikte ut dei mest sentrale kodane, organiserte dei i grupper og utvikla analysen gjennom notat som utdjupa kodane (Charmaz, 2006).

5.1.3. Sekundærkjelder

Eit sentralt trekk ved grounded theory er å anerkjenne at "alt du veit" (jf. Glaser, 2002) er ein del av analysen, fordi det har innverknad på korleis noko vert tolka. Dette gjeld også tidlegare forsking, og Charmaz understrekar at ein må vere bevisst på at andre teoriar eller forskingsresultat også kan vere ein del av forskaren sin bakgrunnsinformasjon – som "points of departure" og "sensitizing concepts" (2006, s. 16). I vårt tilfelle har vi nytta dette bevisst, ved at tidlegare forsking på IT-forum har blitt handsama som ein del av det empiriske materialet vi nytta for å auke forståinga vår. Vi nytta soleis sekundærkjelder frå ein litteraturstudie og frå offentlege databasar og kjelder som forklarer og dokumenterer aktivitet i og omtale av IT-forum, og som soleis også bidreg i forståinga av utsegner frå dei ti intervjuer.

5.1.4. Avstand mellom forskar og enkeltpersonar

Ettersom Vestlandsforskning er ein av partnarane i IT-forum har begge forfattarane hatt ei relasjon til IT-forum, men på ulike vis. Arbeidet i dette forskingsprosjektet er delt mellom forskarane på ein slik måte at vi i størst mogleg grad har unngått å komme for nære på dei personane og prosessane vi var kjende med frå før.

5.1.5. Gjennomføring

Arbeidet vart gjennomført i tråd med framdriftsplanen i søknaden. Dei vitenskaplege leveransane er eit paper i Fjordantologien 2018 og presentasjon på Fjorkonferansen 2017, samt denne sluttrapporten. Dei populærvitskaplege leveransane er kronikken «Saman er ein mindre aleine» - samarbeid gir breiband i Sogn og Fjordan» og presentasjon på [IT-forum juleseminar 2017](#) der meir enn 50 deltok.

5.2. Teori, case og drøfting

5.3. Fjordantologien 2018

For teori, case-skildringar, drøfting og meir om metode viser vi til kapittelet «På jakt etter suksessformelen for samarbeidsnettverket IT-forum Sogn og Fjordane» i Fjordantologien 2018 som vert utgjeven i "open access" av Universitetsforlaget. Tittel er: Det regionale i det internasjonale og redaksjon er Heidi Hogset, Dag Magne Berge og Karl Yngvar Dale

Du finn Fjordantologien her så snart boka vert lansert:
<http://fjordkonferansen.no/fjordantologien/>

5.4. Konklusjon

5.4.1. Eit nettverk etter Sogn og Fjordane-modellen sin logikk

Kva er limet i IT-forum Sogn og Fjordane? Kan vi gi ei oppskrift for korleis eit vellukka tverrsektor-nettverk fungerer? Først vil vi understreke at det finst ei rekke ulike forteljingar om IT-forum. Nokre mønstre peikar seg ut i intervjuet, men samstundes viser variasjonar i forteljingane til dei ti informantane at det også finst ulike forståingar av kva IT-forum er, kva det har vore og kva det er ønskjeleg at det skal vere i framtida. Ved å analysere intervjuet gjennom ei linse av ulike forståingar av nettverkssamarbeid og det moderne informasjonssamfunnet, ser vi fleire sider ved IT-forum enn dei tidlegare funksjonsanalysane set søkjelys på (Skogseid, Larsen, et al., 2014).

I informantane sine forteljingar er IT-forum soleis ikkje éin, men (minst) tre ting, med ulike mønstre av motivasjon og deltaking. Det er eit styringsorgan, som for å lykkast, må ha ei god samansettning av nøkkelpersonar frå sentrale einingar – nøkkelnodar som kan knyte nettverket til andre nettverk. Dernest er det eit samarbeidsnettverk som skapar ei plattform for samarbeid mellom einingar, verksemder, institusjonar som i utgangspunktet kan vere ulike og ha ulike interesser, så lenge den eine fellesinteressa – å gjere Sogn og Fjordane til eit fylke som er god på IT – står i førarsetet. Til sist er det ein møteplass, der IT-folk som enkelpersonar eller som representantar for ei lita IT-avdeling i ein kommune eller ei lita IT-verksemd, skapar kjennskap, vennskap og alliansar. Sosiale grupper som vert utvida til sosiale nettverk (Wellman, 2004) er eit av særprega ved det moderne samfunnet.

Nettverkssamarbeidet har likskap både med Shirky sin tanke om «organisering utan organisasjon» (2008) og Raymond sin marknadspllass (1999). Det lause frivillige nettverket er basert på at folk *vil* delta (jf. Shirky), og eigne og felles mål veks saman. Styrken i at mange ueinsarta aktørar deltek med sin nisjekunnskap gir meirverdi: det er marknadsplassen sin logikk som skapar verdi (jf. Raymond, 1999), saman med lærdommen om at det er dei som er mest ulik deg sjølv som utgjer dei mest verdifulle knutepunkta i nettverk når komplekse oppgåver skal løysast (Shirky, 2008). I IT-forum vert dette synleg som eit samarbeid mellom eit stort mangfold av aktørar frå ulike sektorar og fagområde.

Medan tidlegare studiar har hatt hovudfokus på trippel heliks-samarbeidet mellom private, offentlege og FoU-einingar, og funksjonsanalysar av samarbeidsnettverket, er det altså sentralt å sjå mangfaldet i aktivitetsnivå og alliansar som vert skapt gjennom IT-forum, ikkje berre mellom organisasjonar, men og mellom individ. Dei ulike forteljingane er alle forankra i regionen, men spelar på ulike vis mot det nasjonale og det internasjonale. Færre internasjonale prosjekt i seinare tid har gjort koplinga til det internasjonale nivået mindre synleg. Samstundes har koplinga til det nasjonale nivået vorte *meir* synleg, gjennom prosjekt med mål der offentleg sektor dominerer. Når møteplassen har blitt borte og offentleg sektor har vorte meir dominande, er kanskje ikkje trippel heliks den mest presise karakteristikken

av dette nettverket lenger. Men at IT-forum har ei framtid i regionen er informantane einige i, til tross for ei føreståande regionreform som skal resultere i eit større Vestlandsfylke: «Sogn og Fjordane blir nedlagd i 2020, og kva som skjer då? Jo, eg trur det, så lenge ein har små kommunar og problem som må løysast er det er mange bitte små einingar som treng eit nettverk og samarbeid».

5.4.2. Oppskrifta på eit vellykka IT-forum

Tilbake til «oppskrifta» på eit vellykka IT-forum: kva må andre gjere for å etablere eit slikt samarbeidsnettverk? Dei må sjå på funksjonalitetsanalysar av nettverket og sju sentrale punkt der (Skogseid, Larsen, et al., 2014). Men dei må også lage grobotn for det usjølviske samarbeidet rundt samfunnsansvar, dei må dyrke marknadsplassen sin logikk og det må skapast møteplassar. Det må etablerast prosjekt som løyser regionale utfordringar og der den frivillige og fleksible «gerilaorganisasjonen» kan samle aktørar som løftar i lag. Og dei er i mål når dei gir deltakarane ein følelse av å vere superheltar!

Referanseliste

- Charmaz, K. (2006). *Constructing grounded theory: A practical guide through qualitative research*. London: Sage Publications Ltd.
- Corneliussen, H. G. (2014a). *Meldingsløftet Sogn og Fjordane - Små og tett på!* (Vestlandsforskning-rapport nr. 8/2014)
<https://www.vestforsk.no/nn/publication/meldingsloftet-sogn-og-fjordane-smo-og-tett-pa>.
- Corneliussen, H. G. (2014b). A Success Story about a Communication Reform in the County of Sogn & Fjordane'. In C. E. Moe & M. Fossum (Eds.), *Proceedings from Scandinavian Conference on Health Informatics*. August 21-22, 2014, Grimstad, University of Agder, Norway.
- Corneliussen, H. G. (2014c). *Velferdsteknologi – status i kommunane i Sogn og Fjordane*. Vestlandsforskning-rapport nr. 11/2014.
- Corneliussen, H. G. (2015). *Velferdsteknologi for kommunane i Sogn og Fjordane - Prosjektstatus*. Vestlandsforskning-notat nr. 1/2015.
- Corneliussen, H. G., & Hove, M. H. (2017). New Technology in Norwegian Municipalities' Health Care Services: Experiences in Small Rural Municipalities. In S. Martinez, A. Budrionis, A. Bygholm, M. Fossum, G. Hartvigsen, M. Hägglund, C. E. Moe, E. Thygesen, V. Vimarlund, & K. Y. Yigzaw (Eds.), *Proceedings from The 15th Scandinavian Conference on Health Informatics 2017 Kristiansand, Norway, August 29-30, 2017 (1-7)*: Linköping University Electronic Press.
- Corneliussen, H. G., & Larsen, Ø. H. (2018). På jakt etter suksessformelen for samarbeidsnettverket IT-forum Sogn og Fjordane. In D. M. Berge, K. Y. Dale, & H. Hogset (Eds.), *Det regionale i det internasjonale. Fjordantologien 2018* (101-117): Universitetsforlaget.
- Corneliussen, H. G., Strandos, M., & Hove, M. H. (2016). *Evaluering av pilotar i prosjektet velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane: eit prosjekt for å etablere lokal erfaring med velferdsteknologi*: Vestlandsforskning-rapport 8 / 2016.
- Ekström, F., Skogseid, I., & Nesse, J. G. (2014). *Innovasjon i Sogn og Fjordane – vilkår og barrierar. Funksjonell analyse av IT-Forum Sogn og Fjordane*: Vestlandsforskning notat nr. 9/2014.
- Etzkowitz, H., & Leydesdorff, L. (2000). The dynamics of innovation: from National Systems and "Mode 2" to a Triple Helix of university-industry-government relations. *Research Policy*, 29 (2000), 109-123.
- Glaser, B. G. (2002). Constructivist grounded theory? *Forum qualitative sozialforschung / Forum: Qualitative social research*, 3(3), Art. 12.
- Grøtte, I. P., Haugen, O., & Strand, G. (2006). *Forprosjektrapport -"KOMMUNAR, HELSE OG IKT" - IKT-samordning mellom kommunar og helseførretak*. VF-rapport 2/2006.
- Hove, M. H., & Corneliussen, H. G. (2017). *Velferdsteknologi i kommunar i Sogn og Fjordane – Fase 3, avsluttande rapport*: Vestlandsforskning-rapport 11/2017.
- Hove, M. H., & Corneliussen, H. G. (2018). *Velferdsteknologi for kommunane i Sogn og Fjordane - spreiling og implementering*: Vestlandsforskning-notat 3/2018.
- Kvale, S., Brinkmann, S., & Anderssen, T. M. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Laclau, E., & Mouffe, C. (1985). *Hegemony & socialist strategy. Towards a radical democratic politics*. London: Verso.
- Larsen, Ø. H. (2007). *Evaluering av innføring av elektronisk pasientjournal (epj) og papirlite sjukehus i Helse Førde og av pilot innan elektronisk meldingsformidling mellom Helse*

Førde og tre legekontor i Sogn og Fjordane. VF-rapport 10/2007
(<https://www.vestforsk.no/nn/publication/evaluering-av-innforing-av-epi-i-helse-forde-og-elektronisk-meldingsformidling>).

Larsen, Ø. H., & Corneliusen, H. G. (2016a). An Informal Multi-Stakeholder Network as a Collaborative Strategy Tool in e-Health. *Proceedings from IADIS, eHealth conference 2016*.

Larsen, Ø. H., & Corneliusen, H. G. (2016b). An Informal Multi-Stakeholder Network as a Collaborative Strategy Tool in e-Health. In M. Macedo (Ed.), *Proceedings of the International Conference e-Health 2016*. IADIS: International Association for Development of the Information Society.

Larsen, Ø. H., & Strand, G. L. (2006). *Evalueringssrapport - Evaluering av pilot innan elektronisk meldingsformidling mellom Helse Førde og tre legekontor i SFj.* . VF-notat 19-2006 (<https://www.vestforsk.no/nn/publication/evaluering-av-pilot-innan-elektronisk-meldingsformidling-mellom-helse-forde-og-tre>).

Nesse, J. G. (Ed.) (2017). *Innovasjonsøkosystem*. Bergen: Fagbokforlaget.

Nesse, J. G., Skogseid, I., & Larsen, Ø. H. (2016). *Verktøykasse for strategisk arbeid med innovative nettverk* (VF-Rapport 9-2016)

Nesse, J. G., Skogseid, I., & Larsen, Ø. H. (2017). *A Toolbox for Strategic Leadership of Innovative Networks: Seven pieces of advice for good network management – and four exercises to establish and revitalize networks*: Vestlandsforskning Report No. 3/2017.

Nesse, J. G., Skogseid, I., Skarbø, K., & Larsen, Ø. H. (2014). *Innovasjon i Sogn og Fjordane – vilkår og barrierar* (Vestlandsforskning VF rapport 3/2014)

Raymond, E. (1999). The Cathedral and the Bazaar. *Philosophy & Technology*, 12(3), 23.

Shirky, C. (2008). *Here Comes Everybody. The Power of Organizing without Organizations*. New York: Penguin Press.

Skogseid, I. (2007). *Information infrastructure and rural information systems - A Study of the dynamics of local adaptation*. (Dr. thesis for Faculty of Mathematic and Natural Science, University of Oslo, Norway).

Skogseid, I., Grøtte, I. P., & Strand, G. L. (2014). Understanding Broadband Infrastructure Development in Remote and Rural Communities – a Staged and Reflexive Approach. *The Journal of Community Informatics*, 10(2).

Skogseid, I., Larsen, Ø. H., Skarbø, K., Ekström, F., Nesse, J.G., Løseth, K. (2014). Tango for tre - korleis kan innovative nettverk vekse fram i rurale strøk? In Ø. Strand, E. Nesset, & H. Yndestad (Eds.), *Fragmentering eller mobilisering? Regional utvikling i Nordvest - Fjordantologien 2014* (195-237).

Wellman, B. (2004). The glocal village: Internet and community. *Idea&s: The Arts & Science Review*, 1, 26-29.